



Turstien over Dønhaug vert rusta opp. Foto: Ola Matti Mathisen

I høve til handlingsplan 2013, har styret i Uskedal Utvikling avhalde eit møte med Bondelaget, Grunn og Elveigarlaget, og nokre grunneigarar.

Oppsummering frå møte om turstiar langs elva

Fleirtalet av grunneigarane som var representert og Bondelaget, gav uttrykk for at det ut frå føringane i jordvernlova, ikkje vil vera aktuelt for grunneigar å inngå noko avtale om at arealet på elveborga langs elva vert nytta til merka tilrettelagt tursti. Det er ikkje eit problem at folk går langs elvakanten/elvaborgo, så lenge dei ikkje trakkar ned avlingane og passar på at grinder er lukka etter seg, samt nyttar eksisterande stiar/vegar for å komma til og frå elva. Det vart påpeika at eksisterande turstiar ikkje vart tilfredstillande vedlikehaldne. Det bør ikkje etablerast nye turstiar utan at det er etablert eit tilfredstillande opplegg for vedlikehald av eksisterande turstiar. Det må avklarast kven som skal vedlikehalda turstiane og grindane, samt vera ansvarleg for rydding.

Grunn og Elveeigarlaget er i utgangspunktet negativ til etablering av turstiar langs elva. Turstiar langs elveborga er ein ting vi bør vere forsiktig med å byggje av to årsaker. Den eine er faren for store vedlikehaldsutgifter ved høg vasstand i elva, den andre er at det vert vanskelig forgrunneigarane å forandre på dette etter det er bygd, fordi hevden kjem inn som eit moment etter 20 år.

Uskedal Utvikling tar til etterretning synspukta frå grunneigarar, Bondelaget og Grunn og Elveeigarlaget. Ut frå ei samla vurdering og før det kjem nye moment til i saka, er det ikkje aktuelt for Uskedal Utvikling å arbeida meir med denne saka.

Turvegen over Dønahug, rundt Campingen og Neset vert opprusta. Ei evt. løysing med turveg over brua og vidare opp til Fylkesvegen på andre sida av elva, vert arbeidd vidare med i samråd med grunneigarane.

Uskedal Utvikling tar ansvar for vedlikehald av eksisterande tursti over Dønhaug, rundt Campingen og Neset, samt sjå på ei løysing for handtering av søppel langs turstiane.

Turvegen over Dønhaug, ned langs steingarden vert utfasa. Traseen vert lagt tilbake og merka slik den var, gjennom tunet på Dønhaug. Dette i samråd med grunneigarane.

Styret Uskedal Utvikling